



OSTERØY KOMMUNE
RÅDHUSET
5282 LONEVÅG

Dato: 11.01.2018
Vår ref.: 2014/21474-86
Saksbehandlar: snowaag
Dykkar ref.:

Fråsegn til kommunedelplan for sjø og strandsone - 3. gongs offentleg ettersyn

Vi viser til brev datert 13.12.2017 om 3. gongs avgrensa høyring av kommunedelplan for Sjø- og strandsone, i Osterøy kommune. Bakgrunnen for avgrensa høyringsperiode er at det berre er gjort mindre endringar i planen.

Hordaland fylkeskommune vurderer planforslaget ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar.

Vurdering og innspel

Bakgrunnen for den avgrensa høyringsrunda ved 3. gongs høyring er at det berre er gjort mindre endringar, som hovudsaklig er knytt til merknadar frå regionale styresmakter. For Fylkeskommunen gjeld dette for plantema kulturminne og kulturmiljø og akvakultur.

Førstegongs høyring av planforslaget var våren 2016. Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) handsama fråsegn til 1. gongs høyring 10.05.2016, og fremja då motsegn med bakgrunn i kulturminne og akvakultur. Det var påfølgande dialogmøter og synfaring med kommunen, samt meklingsmøte angående motsegnspunkt for akvakultur hjå fylkesmannen, før planforslaget vart sendt på 2. gongs høyring i april 2017.

KIRU handsama fråsegn til 2. gongs høyring av kommunedelplan for sjø- og strandsone i møte den 13. september 2017. Det vart der fatta vedtak om motsegn med bakgrunn i kulturminner, men det vart ikkje fremja motsegn knytt til akvakultur.

Planforslaget har vært gjenstand for grundig vurdering og sakshandsaming i fylkeskommunen både ved 1. og 2. gongs høyring. Endringar som no er gjort i planforslaget, handlar hovudsakleg om tilpassing til regionale styresmakter sine innspel, og vi vil i dette fråsegn fokusere på motsegnspunkt ved førre høyringsrunde. Fylkeskommunen viser forøvrege til fråsegn til 2. gongs høyring, i brev av 20.09.2017, for ytterlegare innspel.

Akvakultur

Viser til akvakulturinnspel i samband med 2. gongs høyring for faglege råd og innspel, og har ved 3. gongs høyring ikkje ytterlegare akvakultur faglege kommentarar.

Ved førre fråsegn frå fylkeskommunen vart det i vedtakspunkt 5.I. slått fast at føresegn (§6.10 i planforslag) for AK-lokalitetane Skaftå og Blom, tydeleg må «sitere til at punktet gjeld ved vesentlege endringar på dei nemnde lokalitetane, (...) og ikkje vil gjelde for dagens drift». Føresegn ved 3. gongs høyring seier i dag at «(...) For lokalitet Blom (lokalitetsnr. VA3) og Skaftå (VA1 og 2) gjeld berre kravet til minimalt utslepp av organiske partiklar ved vesentleg endring av eksisterande anlegg (PBL § 11-9, nr.6)». Fylkeskommunen

tolkar det dit hen at det i dette fråsegn implisitt ligg at kravet om minimalt utslepp ikkje gjeld for dagens drift.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt for kulturminnevern.

Generelle kommentarar

Det er positivt at motsegnspunkta på 2.gongs høyring er teke ut av planen eller endra for betre å sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Hordaland fylkeskommune har ikkje lengre motsegn til planen.

Når det gjeld sjølve plankartet er det uheldig at dette ikkje er ferdigstillt ved høyring. Vi tek atterhald om arealbruken for kommunedelplanen inntil plankartet er ferdigstilt og oversendt.

Gjennomgang av motsegnspunkt på 3. gongs høyring

Hordaland fylkeskommune hadde motsegn til 2. gongs høyring når det det gjaldt:

- Etablering av naustområde i omsynssone **H570_14 Kyrkje, gravlund og kai Hamre**. Det er positivt at forslag til arealbruk er teke ut av planen eller endra for å betre sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Forslaget er endra til ein arealbruk som ikkje er i strid med omsynssonen kulturmiljø. Det er ikkje lengre knytt motsegn til dette punktet.
- **Avgrensing for omsynssone H730 var ikkje korrekt for mellomalderkyrkjestadene Hosanger, Hamre, Haus og Bruvik**. Dette er retta opp i planen og det er ikkje lengre knytt motsegn til dette punktet.

Vi hadde fleire **særlege kulturminnefaglege** merknader til planforslaget, vi ser at nokre av desse ikkje er teke omsyn til i planen.

I. Sentrumsformål Fotlandsvågen – Arealføremål BS 1 i plankart

II. Småbåthamn i Fotlandsvågen – Arealføremål VS2 i plankart

III. Akvakulturanlegg på Blom – Arealføremål VA3 i plankart

IV. Naust ved Hosanger kyrkjestad – Arealføremål BAB30 i plankart

Vi minner difor om at kulturminne er ikkje-fornybare ressursar som bør takast vare på for nolevande og kommande generasjonars oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd jf. kml § 1

Oppsummering

Planforslaget har vært gjenstand for grundig vurdering og sakshandsaming i fylkeskommunen både ved 1. og 2. gangs høyring.

Det er positivt at motsegnspunkta på 2.gongs høyring er teke ut av planen eller endra for betre å sikre nasjonale og regionale kulturminneinteresser. Hordaland fylkeskommune har ikkje lengre motsegn til planen.

Lukke til med oppfølging av planen.

Eva Katrine R. Taule
Leiar kommunale plansaker

Snorre Waage
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Saksbehandlar:

Snorre Waage, Seksjon for plan - REG AVD, REGIONALAVDELINGA

Endre Korsøen, Klima- og naturressursseksjonen, Regionalavdelinga

Gunhild Raddum, Transportplanseksjonen, Samferdsleavdelinga

Gunnbjørg Austrheim, Fylkeskonservatoren, Avdeling for Kultur og Idrett

Anders Strandheim Wahlborg, Fylkeskonservatoren, Avdeling for Kultur og Idrett

Kopi til:

FYLKESMANNEN I HORDALAND

Statens vegvesen - Region Vest